Utdanningsforbundet
Herøy

Medlemsstipend

Årsmøtet i Utdanningsforbundet Herøy har, gjennom budsjettvedtaket, bestemt at det kan nyttast inntil 20.000 kr til medlemsstipend.

Styret har utarbeidd følgjande retningsliner for tildeling av stipend:

- Stipend vert tildelt medlemmar i Utdanningsforbundet Herøy som ønskjer å delta på kurs og konferansar. Stipend blir gitt til kurs og konferansar der Utdanningsforbundet er aktør på arrangørsida.
- Stipend kan gjevast til Utdanningsforbundet sine medlemmar i arbeid innan alle avtaleområde, uavhengig av stillingsstorleik.
- Søkjarar som er tildelt stipend frå Utdanningsforbundet Herøy, blir prioritert sist ved neste tildeling.
- Til kompetansegjevande utdanning blir det ikkje gitt stipend.
- Søknadane skal sendast skriftleg til Utdanningsforbundet Herøy, og skal innehalde
    - opplysningar om kva kurs/konferanse det blir søkt stipend til, og vere vedlagt program eller invitasjon.
    - fullstendig finansieringsplan som viser alle kostnader, og kva for ev. annan stønad/stipend som kan påreknast.
- Styret får fullmakt til å fordele vedtatt sum sett i høve til kostnader og deltaking, slik at det blir ei rettferdig fordeling i høve medlemsgruppene.
- Resultatet av tildeling vert opplyst skriftleg til søkjarane og offentleggjort i styremøteprotokoll.
- Utbetaling av stipend skjer etter at Utdanningsforbundet Herøy har mottatt kvitteringar og naudsynt dokumentasjon på utgifter.
- Dersom rapport som stadfester gjennomført kurs/reise ikkje er mottatt, fell tilsegna om stipend bort for inneverande år.